

Plenum i Europaparlamentet: Kritikk av norsk kvalfangst, migrasjonskrise held fram og støtte til styrka forsvarssamarbeid

7. juli 2017

- *Krass kritikk av norsk kvalfangst – Europaparlamentet vil vedta resolusjon i september*
- *Estland vil fokusere på opne marknader, digital agenda, migrasjon og å sikre konkrete resultat for europeiske borgarar under sitt EU-formannskap*
- *Migrasjonskrise er ikkje løyst – veksande uro over utviklinga i Italia*
- *Europaparlamentet vil stanse medlemskapsforhandlingane med Tyrkia*
- *Etablering av spesialkomité for terror og tiltak om økonomisk kriminalitet*
- *Støtte til styrka forsvarssamarbeid i EU*

Det var med dødsfalla til Helmut Kohl og Simone Veil som bakteppe at Europaparlamentet hadde sin plenumssesjon i Strasbourg denne veka. [Europaparlamentet var ramme](#) for den fyrste europeiske gravferda med ein sermoni for Helmut Kohl laurdag. Mange minna om hans rolle for å samle Tyskland og for eit utvida EU i innlegg denne veka. Simone Veil – overlevande frå Auschwitz, fransk politiskar og fyrste president i det direktevalde Europaparlamentet i 1979 – vart også [minna i Europaparlamentet](#). Hennar visjonar om fred, forsoning og framgang i Europa bør inspirere oss i dag sa parlamentspresident Antonio Tajani.

Skarp kritikk av norsk kvalfangst

Det kom krass kritikk til Noreg da norsk kvalfangst og handel og transitt av kvalkjøtt gjennom EU-havnar vart debattert i plenum i Europaparlamentet torsdag. [Bakgrunnen er eit spørsmål til Kommisjonen](#). Parlamentet er venta å vedta ein resolusjon om kvalfangst i september. Representantar frå alle politiske grupper heldt i alt 12 innlegg som var svært kritiske mot all kvalfangst. Dette inkluderte Sirpa Pietikäinen (EPP, Finland) som innleia debatten. Ho var også aktiv i diskusjonen om å få vedteke forbod mot olje- og gassverksemd i Arktis tidlegare i år. Det var ikkje nødvendigvis dei mest sentrale representantane som hadde ordet og saka synes ennå ikkje å ha vore mykje diskutert internt i gruppene. Samstundes er truleg den grunnleggjande haldninga til kvalfangst kritisk og få parlamentarikarar har noko å tene på å forsvare norske synspunkt. Paul Rübig (EPP, Austerrike) var eit unnatak i debatten og viste mellom anna til at kvalfangsten har lange tradisjonar, er avgrensa og at Noreg har reservert seg mot det internasjonale moratoriet mot kvalfangst. Kommisjonen sa i debatten at kvalfangst er ulovleg etter EU-regelverket, og at EU konsekvent har støtta det internasjonale forbodet mot kvalfangst frå 1993. Kommisjonen meiner det er problematisk at Noreg vidarefører fangst og handel med kvalkjøtt via EU-havnar. Spørsmålet om transitt av kvalkjøtt har elles fått ekstra merksemd pga. semja mellom EU og Japan om ein ny frihandelsavtale der enkelte har fokus på japansk kvalfangst og konsum av kvalkjøtt.

Malta og Estland – er Europaparlamentet latterleg som ignorerer små land?

Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker fekk mykje merksemd denne veka etter at han kalla Europaparlamentet for latterleg. Orda fall da han oppgitt konstanterte at knapt nokon representantar hadde møtt opp for å høyre den maltesiske statsministeren oppsummere EU-formannskapet til Malta. Det ville ikkje skjedd om det var ein statsleiar frå eit stort land som tala sa han. Dette vart ikkje tatt vel i mot av parlamentspresident Tajani, men kommentatorar har likevel spurt om nytten av å invitere ein statsminister til plenum om ingen er til stades. I etterkant har Juncker seinare årsaka seg overfor Tajani og sagt han har stor respekt for Europaparlamentet. Dei parlamentariske leiarane var likevel påfallande fråverande gjennom heile denne sesjonen. Malta fekk uansett godord for sin innsats i forarsetet dei siste 6 månadane både frå Kommisjonen og representantane.

Det var litt mindre glissent i salen da Estland presenterte prioriteringane til sitt EU-formannskap onsdag morgon. Vi har som mål å balansere ulike syn på ein rettvis måte sa den

estiske statsministeren Jüri Ratas. Han la også vekt på Estlands historie og personelege erfaringar med å leve bak jernteppet. Vi må investere i meir og betre forsvar i Europa sa han og viste til at dette er eit døme på eit område det EU-landa må stå saman og ikkje kan løyse utfordringane aleine. Det er synd at Storbritannia vil forlate EU. EU skal ha konstruktive forhandlingar med Storbritannia, men samstundes kan ikkje EU27 la brexit ta merksemda vekk frå målet om å utvikle EU vidare. Prioriteringane til Estland som m.a. er knytt til opne marknader, sysselsetting digital agenda og å lever konkrete resultat for europeiske borgarar vart elles jamt over godt motteke. Estland sa forsvar for frihandel er eit tema som også er viktig på G20-møtet. Mange hadde forventningar om at landet vil sikre framgang for framlegg til ny lovgjeving knytt på det digitale området, men også på migrasjonsområdet. Ytre høgre tok til orde for å heve sanksjonane til Russland og ytre venstre etterlyste meir fokus på utjamningspolitikk og den sosiale spørsmål.

Migrasjon – situasjonen i Italia er alvorleg

Nye tal viser at det så langt i år har kome 100 000 migrantar over havet til Italia. Dette danna bakteppe for innlegg i mange av debattane. Kommisjonen la også fram ein [handlingsplan for Italia](#). Visepresident i Kommisjonen sa det ikkje er enkle løysingar, men at dersom medlemslanda oppfyller sine plikter (inkludert å ta i mot relokaliserte flyktingar) ville det gjere stor skilnad. Mange representantar etterlyste også meir solidaritet og samarbeid, sjølv om enkelte også rosa Ungarn og andre som tek kontroll over eigne grensene. Det var elles uformelt innanriksministe møte i Tallinn 6. og 7. juli. [Ministrane støtta Kommisjonens plan](#), men vedtok ingen nye tiltak.

Spørsmålet om frivillige organisasjonar sin redningsinnsats bidreg til at fleire forsøker å krysse Middelhavet, kom opp i fleire samanhengar. Timmermans sa det er viktig å ha felles retningsliner for korleis slike organisasjonar bør opptre slik at deira innsats ikkje blir ein faktor for auka migrasjon. Det kom samstundes kritikk av den skjerpa tonen mot frivillige organisasjonar. Det er menneskesmuglarar som er kjeltringane her – ikkje organisasjonar som reddar folk frå drukningsdøden vart det framheva.

Migrasjon og innsats i Afrika er tema også på G20-møtet som startar i dag. Mange framheva behovet for globalt samarbeid for å løyse migrasjonskrisa og for å sikre utvikling i land som mange migrantar kjem frå. Parlamentet ga si støtte til ein [investeringsplan for EUs nabolag og Afrika](#) på 3,3 milliardar euro. Denne skal utløyse også private investeringar og samla bidra til lokal utvikling og dermed mindre migrasjon. Det vart peikt på samanhengen mellom globale klimaendringar og flyktingstraumar. Det kom oppmodingar om at EU må kome med klar kritikk av USAs klimapolitikk på G20-møtet.

Tyrkia

[Medlemskapsforhandlingane med Tyrkia må frysast](#). Det var ein klar bodskap frå eit stort fleirtal i Europaparlamentet denne veka (477 røyster for, 64 mot, 97 avsto). Spesielt er det gjennomføringa av dei konstitusjonelle endringane som gjev presidenten auka makt det blir reagert på. Tyrkia er i ein svært vanskeleg situasjon pga. krigen i Syria, mange terroråtak og etter det mislykka statskuppet. Det vart også vist til at terror frå kurdiske grupper og andre ikkje er akseptabelt Dette rettferdiggjer likevel ikkje massearrestasjonar og åtak på grunnleggjande demokratiske rettar som EU må reagere på dette. Samstundes vart det understreka at EU og Tyrkia må vidareføre samarbeid på mange område. Dette gjeld ikkje minst flyktingavtalen, men også tollunionen og andre tilhøve. Ein del var kritiske til framlegget om å modernisere tollunionen og andre meiner EU må seie klart at Tyrkia aldri vil kunne bli medlem av EU. Det kom også kritikk av at Tyrkia blokkerer for ei Kypros-avtale. Kommisjonen sa EU tilhøvet til Tyrkia kan berre utviklast vidare om Tyrkia står fast ved sine demokratiske verdiar.

Kommisjonens planar, kamp mot økonomisk kriminalitet og ny rumensk kommissær
Kommisjonspresident Timmermans sa Kommisjonen har levd opp til sitt mål om å fokusere på dei store spørsmåla. Det er viktig å fortsette å arbeide med sentrale sakene som

t.d. migrasjon, forsvarssamarbeid, sosial inkludering og utjamning. 2018 blir eit viktig år for å levere på mange initiativ som nå er på bordet, inkludert ei rekkje framlegg som skal sikre vekst og sysselsetting. Samstundes har [Kommisjonen lagt fram fleire dokument for å få debatt om Europas framtid](#) (inkludert om forsvar, sjå nedanfor). I kommisjonspresident Junckers tale om tilstanden i EU i Strasbourg i september vil han kome med dei fyrste signala om vegen vidare.

Både sentrum-høgre (EPP), sentrum-venstre (S&D) kom med støtte til Kommisjonen. S&D-gruppa understreka likevel at det er viktig med fokus på bærekraft og den sosiale søyla og ytre venstre gruppa (GUE/NGL) understreka også at EU må takle veksende skilnader i Europa. EPP rosa Kommisjonen for å ha reist debatten om EU bør ha tilgang til fleire eigne økonomiske ressursar. Den liberale gruppa (ALDE) støtta også dette. Guy Verhofstad (ALDE) fekk på pressekonferanse spørsmålet kopling mellom rettstatsutvikling (les: i Ungarn og Polen) og budsjettoverføringar. Han svarte noko unnvikande at det er behov for instrument på dette området, men at også er andre sanksjonar som å miste stemmeretten.

I mange innlegg denne veka vart det teke til orde for auka kamp mot økonomisk kriminalitet, skattesvik og internasjonal skatteplanlegging. Dette er relevant både i høve til å sikre økonomisk utjamning, rettferdige konkurransevilkår og er også relevant for å hindre terrorfinansiering. Parlamentet ga si [tilslutning til eit direktiv om kampen mot økonomisk kriminalitet](#). Parlamentet vil også [forhandle med Rådet](#) for å få på plass eit revidert direktiv som skal sikre at globale selskap må offentleggjere informasjon om kor mykje skatt dei betaler i ulike land. Dette er også tema som EU ynskjer drøfta på G20-møtet.

Tysdag vart rumenske Mariya Gabriel [formelt godkjent som ny rumensk kommissær](#). Ho skal ha ansvar for digital økonomi og digitalt samfunn

Terror

Europarlamentet vedtok å etablere ein [midlertidig spesialkomité knytt til kampen mot terror](#). Etter terroråtak i mange europeiske byar, er det mange som har peikt på at det er mangel på samarbeid og lite informasjonsdeling mellom EU-landa. Dette har ført til at personar som er kjende av overvakingsspolitiet i eit land, likevel kan reise til og operere i andre land. Komiteen har ein mandatperiode på 12 år og skal både sjå på gjennomføring av eksisterande tiltak, samarbeid, effektar av terrortiltak for grunnleggjande rettar, radikaliserings, kvitvasking og beste praksis for beredskap.

Framtidig samarbeid om forsvar

Det var ein debatt om framtidig europeisk forsvar med utgangspunkt i [Kommisjonens refleksjonsnotat](#) som kom i juni. Høgrepresentant Federicia Mogherini understreka at dette ikkje handlar om opprusting, men om betre samarbeid og utnytte ressursane betre. Dagens fragmentering har også ein kostnad. Ho understreka også at EU og NATO skal ha eit tett samarbeid og har ulike roller. Ho la også vekt på at alle EU-vedtak knytt til initiativa på forsvarsområdet har vore samrøystes så langt. Det er nå viktig å drøfte kva som er ambisjonsnivået for det vidare samarbeidet internt i EU og korleis det skal finansierast.

Mange støtta Kommisjonen. Det vart vist til at både den globale sikkerheitsituasjonen, terrortrusselen, USAs krav om at Europa må ta større ansvar for eige forsvar og også tronge nasjonale budsjett, alt er faktorar som gjer at meir samarbeid er viktig og riktig. Dette omfattar både forskning og innkjøp, utvikling av ein sterk forsvarsindustri, men også sikre felles system. Behovet for tett samarbeid med NATO vart understreka. Det kom kritiske kommentarar frå ytre høgre som viste til at forsvar må vere eit nasjonalt spørsmål. Charles Tannock (britisk konservativ) sa han vona på eit fortsatt tett samarbeid om sikkerheits- og forsvarsspørsmål også etter brexit. Det kom også kritikk frå ytre venstre (GUE/NGL) og dei grøne som åtvara mot militarisering. Ressursane heller bør brukast på å kjempe mot global fattigdom og hindre klimaendringar. Dette vil vere langt viktigare for europeisk sikkerheit.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no